

Soknepresten i Øygarden



Dykkar ref.: Vår ref.: Dato.:23.03.2004

Soknepresten si Årsmelding 2003

Eg søkte meg til soknepresttenesta i Øygarden prestegjeld fordi eg lenge har opplevd det som eit veldig sterkt lokalkyrkjeleg kall til å komme permanent hit. Det var ikkje mogleg å komme utanom dette kallet, som er tydeleg uttrykt frå begge sokn, og frå mange hald elles. Og det kjem stadig gode tilbakemeldingar og oppmuntringar frå alle kantar. Eg vart som kjend i 2002 sendt av biskopen til teneste som konstituert sokneprest i Øygarden for 1 år. I 2003 vart konstitusjonen utvida med 1/2 år, t.o.m. 31.12.2003.

Etter mange og sterke oppfordringar vart eg så roleg for å søkja som sokneprest etter Svein Morland, og vart glad over å verte nr.1 ved alle 4 innstillingsrunder. Slik gjekk det og i sjølve tilsetjinga. Eg vart tilsett som sokneprest i Øygarden 11.november 2003, og tok over som fast tilsett sokneprest søndag 30.november 2003. Denne dagen vart eg innsett i Hjelme og søndagen etter i Blomvåg sokn. Eg trivs særst godt.

Eit dokument med titelen ”Kyrkjeleg årsstatistikk for Blomvåg og Hjelme” er lagt ved dette året sine årsmøtedokument. Det er ikkje større endringar å spore frå 2002.

Mi oppgåve i Øygarden vert nok å vere ei overgangsfigur som m.a. må setje på dagsorden kva slags kyrkje soknet og prestegjeldet ønskjer i framtida.

Når det gjeld visjonar og utblikk for framtida, viser eg til foredraget ”Framover i tru..”

Vi ber framleis om at Han som tok til med den gode gjerninga i oss, må fullføra henne inntil Jesu Kristi Dag.(Fil.1,6)

Med venleg helsing
Dykkar i Kristus

Svenn Martinsen
sokneprest

Org.nr.: 874 741 582
Adresse Kontor:Boks 144, 5331 Rong
Adresse Heimekontor: Maggevarden 56, 5363 Ågotnes
Telefon Kontor: +47 56 38 22 44
Telefon Heimekontor: +47 56 32 17 73
Mobil: +47 950 67890
Faks: +47 56 38 22 41
Epost: svennm@c2i.net

Org.nr.: 874 741 582
Adresse Kontor: Boks 144, 5331 Rong
Adresse Heimekontor: Maggevarde 56, 5363 Ågotnes
Telefon Kontor: +47 56 38 22 44
Telefon Heimekontor: +47 56 32 17 73
Mobil: +47 950 67890
Faks: +47 56 38 22 41
Epost: svnm@c2i.net